



Gunnar Magne Husebø
HUSEBØVEGEN 93
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/1936 - 22/21135

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:
14.03.2022

Registrert avvik minireinseanlegg og førehandsvarsel om retting - gbnr 354/12 Husebø

Tiltak: Avvik avløpsanlegg
Byggjestad: Gbnr 354/2
Tiltakshavar: Gunnar Magne Husebø

Alver kommune har i årsrapport frå Kingspan Miljø AS motteke melding om at det ved service av minireinseanlegg ditt den 12.08.2021 vart registrert at anlegget må tømmast. Avviket er knytt til anlegget på eigedommen din med adresse Husebøvegen 93.

Når det er fare for forureining, skal den ansvarlege for forureininga sørge for tiltak for å hindre at forureining skjer. Når forureining har oppstått, skal den ansvarlege sørge for å stanse, fjerne eller avgrense forureininga, jf. forureiningslova § 7.

Tilstanden må utbetrast. Frist for arbeidet vert sett til 14.06.2022.

Dersom vi ikkje får inn skriftleg tilbakemelding om at anlegget er tømt innan fristen, varslar vi samstundes at vi kan pålegge deg å utbetre forholdet og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forureiningslova §§ 7 og 73.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det finns andre grunnar til at du ikkje har plikt til å tømme anlegget, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

For å få tømt eit avløpsanlegg må du kontakte eit godkjent føretak som kan utføre slamtømming.

Når anlegget er tømt må du fylle ut vedlagte skjema for utført arbeid og returnere det til kommunen.

Skjema sender du til

- post@alver.kommune.no eller

- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Aktuelt regelverk:

- Plikt til å unngå forureining følgjer av forureiningslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forureiningslova kapittel 9.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 56349006 eller på e-post.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Hogne Askeland
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Gunnar Magne Husebø
Monica Holen Husebø

HUSEBØVEGEN 93
HUSEBØVEGEN 93

5917
5917

ROSSLAND
ROSSLAND